

MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 12. og 13.11.2007 **Tid:** 08.00 – 16.00/08.00 – 14.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, Kom.kasserar Eikestad, Ass.adm.sjef Våge

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19.12.2007

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkallinga og saklista vart godkjent med følgjande endringar: sakene 35-38/07 vart handsama først. Deretter sak 34/07 og sak 33/07

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0033/07	07/00428 ØKONOMIPLAN 2008 - 2011
0034/07	07/00165 BUDSJETT 2008.
0035/07	07/00404 FASTSETJING AV RENOVASJONGEBYR 2008
0036/07	07/00404 FESTEAVGIFT 2008
0037/07	07/00404 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2008.
0038/07	07/00431 REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2008

0033/07

ØKONOMIPLAN 2008 - 2011

Handsaming i møte:

Driftsbudsjettet for økonomiplan perioden 2008-2011.

Utsendt framlegg til økonomiplan der føresetnaden var same drift som i 2008 viste eit overforbruk i 2009, 2010 og 2011. For å få balanse i budsjettet valde utvalet både å budsjettera med noko høgare utgifter på sal av konsesjonskraft og rammetilskot, samt å redusera driftsutgifter for løn og sos. utgifter noko. Det vart og føresett at det vert seld ubebygde eigedomar der salssummen skal nyttast til nedbetaling av gjeld med påfylgjande reduserte utgifter til renter og avdrag. Utvalet drøfta innføring av eigedomsskatt utan at det vart teke stilling til dette.

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: "Samanger kommune har svært høg lånegjeld, og kommunestyret ber om å få lagt fram ei sak om sal av kommunale eigedommar. Salsinntektene skal i hovudsak nyttast til ekstraordinær nedbetaling av gjeld. Det vert vist til sak 29/09 i PØ:

- ✓ Det vert laga ei oversikt over Samnanger kommune sine ubebygde eigedomar, med planstatus.
- ✓ Det vert teke avgjerd om det skal takast verditakst av somme eller alle eigedomane.
- ✓ Det vert vurdert om og korleis deler av eigedomane aktivt skal omsetjast.
- ✓ PØ-utvalet får saka lagt fram i sitt første møte i 2008.

Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over driftsbudsjettet i økonomiperioden 200-2011, som vart samrøystes vedteke.

Investeringsbudsjettet for økonomiplanperioden 2008-2011.

Etter ein del drøftingar var det semje om at det ikkje skulle førast opp tiltak på investeringsbudsjettet for åra 2009, 2010, 2011. Grunngevinga for det var at kommunestyret vert beden til å ta stilling til fleire problemstillingar i løpet av tidleg vår 2008, og konklusjonen her vil vera avgjerande for kva tiltak ein må prioritera. Sjå vedtak i årsbudsjett 2008.

Investeringsbudsjettet for planperioden vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over heile økonomiplanen. Den vart samrøystes vedteken.

Vedtaks:

ØKONOMIPLAN SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011

HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	2 008	2 009	2 010	2 011
Driftsinntekter					
Brukarbetaling	600-619	5 434	5 434	5 434	5 434
Andre sals- og leigeinntekter	620-679	8 197	8 197	8 197	8 197
Overføring med krav til motytingar	700-779	11 365	11 365	11 365	11 365
Rammetilskot frå staten	800	38 300	38 500	38 500	38 500
Andre statlege tilskot	810-819	3 529	3 529	3 529	3 529
Andre overføringar	830-859/880-899	5 080	5 580	5 580	5 580
Inntekts og formueskatt	870-873	47 160	47 160	47 160	47 160
Eigedomsskatt	874-876	8 552	8 552	8 552	8 552
Andre direkte og indirekte skattar	877-879	823	823	823	823
Sum driftsinntekter		128 440	129 140	129 140	129 140
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	69 659	69 000	69 203	69 500
Sosial utgifter	090-099	20 281	19 736	20 150	20 150
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	15 220	15 220	15 220	15 220
Kjøp -v. og tj. som erstattar eigenprod.	300-399	5 847	5 847	5 847	5 847
Overføringar	400-490	11 633	11 633	11 633	11 633
Avskrivningar	590	5 030	5 030	5 030	5 030
Sum driftsutgifter		127 670	126 466	127 083	127 380
Driftsresultat		770	2 674	2 057	1 760
Finansinntekter					
Renteinntekt og utbytte	900-909	1 773	1 800	1 800	1 800
Mottekne avdrag på lån	920-929	30	30	30	30
Sum eksterne finansinntekter		1 803	1 830	1 830	1 830
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509	4 466	4 355	4 077	3 810
Avdrag på lån	510-519	4 848	4 611	4 272	4 242
Sosial- og næringslån	520-529	30	30	30	30
Sum eksterne finansutgifter		9 344	8 996	8 379	8 082
Resultat eksterne finanstransaks.		7 541	7 166	6 549	6 252
Motpost for avskrivningar	990	-5 030	-5 030	-5 030	-5 030
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)		1 741	-538	-538	-538
Interne finans transaksjonar					
Bruk av udisponert frå tidl. År	930	1 000	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947	268	0	0	0
Bruk av bundne fond	950-959	285	285	285	285
Bruk av likviditetsreserve	960	1 096	0	0	0
Sum bruk avsetningar		2 649	285	285	285
Overført til kapitalrekneskapan	570	0	0	0	0
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)	530	0			0
Avsett til disposisjonsfond/avsett likviditetsres.	540-547/560	0	0	0	0
Avsett til bundne fond	550-559	908	823	823	823
Sum avsetningar		908	823	823	823
Udisponert (overskot)	580	0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)	980	0	0	0	0

Resultat etter interne finanstransaksjonar		0	0	0	0
--	--	---	---	---	---

ØKONOMIPLAN - Investeringsbudsjett perioden 2008-2011

	2008	2009	2010	2011
Planarbeid				
Reguleringsplan Reistad	200 000			
Reguleringsplan bustad Lønnebakken	250 000			
Senter funksjonshemma planlegging	150 000			
Industriområdet Rolvsvåg	200 000			
Bygningar				
Kommunehuset utvendig rehabilitering	750 000			
Heis Samnangerheimen	300 000			
Ådland kyrkj, reiskapshus m.m.	800 000			
Vassforsyning				
Ytre Tysse	1 500 000			
Avløp				
Gjerde - slamavskiljar	100 000			
VA indre Tysse - Hagamulen	300 000			
Ytre Tysse				
Miljøgat, kai, minnepark m.m.	830 000			
opprusting veg over Tyssereinane	670 000			
Andre type tiltak				
Brannbil	2 000 000			
Totale investeringar	8 050 000			

0034/07

BUDSJETT 2008.

Handsaming i møte:

Budsjettframlegget frå administrasjonssjefen vart gjennomgått og drøfta den 12.nov. Under handsaminga i møtet la ordføraren fram tankane sine om å nytta inntekter frå sal av ubebygde eigedommar i salderinga av budsjett for 2008 og av økonomiplanen. Veg over Tyssereinane vart drøfta. Ei opprusting av vegen vert nødvendig når VVA-anlegget skal leggjast og miljø gata skal på ytre Tysse skal realiserast.

13. nov. la utvalet fram endringsframlegg i høve til administrasjonssjefen sitt framlegg:

Driftsbudsjettet 2008

Fellesframlegg sett fram av Marion Langhelle Pedersen:

Det blir foretatt ein gjennomgang av heile **organisasjonen** i Samnanger. Administrasjonen vil til første møte i personal- og økonomiutvalet i 2008 leggja fram ei sak om organisering av arbeidet.

Kommunestyret vil i løpet av første kvartal 2008 ta stilling til vidare bruk av **kommunehuset**. Det blir ikkje sett i gang arbeid før dette er avklara.

Kommunestyret vil i løpet av våren 2008 foreta ei vurdering av **bustads**situasjonen til **soknepresten**. Vurderinga skal omfatta ny bustad, totalrenovering av eksisterande og evt. bruk av annan kommunal bustad.

Fellesframlegg sett fram av Vidar Rolland:

- ✓ Som fylgje av vedtak i sak om fastsetjing av kommunale avgifter og gebyr vert konto 1.1600.3030.6200 auka med 18.000, knt. 1.1600.3020.6201 auka med kr. 19.000, knt 1.1600.3380.6400 auka med kr. 13.000
- ✓ Sal av konsesjonskraft vert auka med kr. 200.000 knt 1.1400.3200.8901.
- ✓ Internasjonalt arbeid vert auka med kr. 10.000 knt. 1.1500.3856.1200
- ✓ Det vert teke stilling til omfanget av forvaltningskontroll i sentraladministrasjonen og teknisk når forprosjektet blir lagt fram til handsaming.
- ✓ Tilleggskonto 1.1200.1800.4900. vert auka med kr. 240.000.”

Brigt Olav Gåsda sette fram følgjande framlegg:” Kommunestyret ønskjer å gje eit velferds-/ferietilbod til funksjonshemma, eldre og andre grupper el. personar med særskilte behov. Det vert sett av kr. 100.000 på knt. 1.310.2344.4700 til føremålet. Administrasjonssjefen greier ut alternative tilbod. Tiltaket vert finansiert ved bruk av tilleggslyvningar.”

Røysting over driftsbudsjettet

Det vart røysta over fellesframlegget frå Pedersen. Dette vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Rolland, som vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over Gåsda sitt framlegg, som vart vedteke med 4 mot ei røyst.

Til slutt vart det røysta over framlegg til driftsbudsjett med dei vedtekne endringane. Dette vart samrøystes vedteke.

Investeringsbudsjett 2008

Marion Langhelle Pedersen sette fram følgjande felles endringsframlegg:” I tillegg til administrasjonssjefen sitt framlegg til investeringsbudsjett vert følgjande tiltak innarbeidd og finansiert ved bruk av kapitalfondet og næringsfondet:

- ✓ Reiskapshus kyrkja kr. 800.000
- ✓ Brannbil kr. 2.000.000
- ✓ Heis Samnangerheimen kr. 300.000

Følgjande tiltak vert trekt ut:

- ✓ Heis kommunehuset kr . 600.000

Driftsbudsjettet vert endra slik:

- ✓ Utflyttingstilskot kr. 200.000 vert inntektsført på konto nr. 1.3100.2731.9500 og avsett til tilleggslyvingskonto.
- ✓ Knt. 1.140.3255 Småkraft kr. 200.000 vert auka opp og finansiert ved bruk av konto for tilleggslyvning

Ytre Tysse: Tot. 1,5 mill fordelast kr. 670.000 opprusting veg over Tyssereinane og kr. 830.000 avsett til miljøgate, kai og minnepark.

Merknad: Før **brannbilen** vert set i bestilling, skal det undersøkjast om det er mogleg å skaffa ein rimelegare brannbil.”

Marit Aase sette fram følgjande tilleggsframlegg: ”Bedrifta Fjordtønna på indre Tysse er med i prosjektet Economuseè. Det er eit opplevingsretta reiselivsopplegg i store skala som er utvikla i Canada, og som Hordaland Fylkeskommune har teke initiativ til å introdusera i Noreg. Produksjonen til Fjordtønna byggjer på dei gamle bøkkertradisjonane i regionen. For å ha visningsstatus er det krav som at tilreisande grupper skal nå bedrifta med buss. Det er krav om oppstillingsplass for bussar. Eit visningssenter vil kunna opna for interessante nye marknader. I same område er det meldt inn interesse frå fleire grunneigarar om å fremja reg.plan for bustader (m.a. er det gamle regulerte området over Fjellheimsfeltet nemnt). Næring og bustad er satsingsområde i kommuneplanen. Vegen opp til Indre Tysse er i dag kommunal veg. Vegen er ein av dei kommunale vegane som står til vurdering om å overdragast til private. Ein vil koma tilbake til trongen for kommunal medverknad til utbetring av vegen på Indre Tysse når det er gjort endeleg vedtak om vegen framleis skal vera kommunal eller ikkje. Kostnadsoverslag er sett til kr. 1.686.000.”

Det vart røysta over framlegget frå Pedersen som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over Aase sitt framlegg som vart samrøystes vedteke. Deretter vart det røysta over investeringsbudsjettet med vedtekne endringar som vart samrøystes vedteke. Tilslutt røysta PØ over det samla drift- og investeringsbudsjettet for 2008 som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Driftsbudsjettet 2008

Administrasjonssjefen sitt framlegg til budsjett for 2008 vart vedteke med desse endringane:

konto 1.1600.3030.6200 oppmåling	augar med kr	18.000
konto 1.1600.3020.6201 byggjesakshandsaming	augar med kr.	19.000
konto 1.1600.3380.6400 feiing	augar med kr.	13.000
konto 1.1400.3200.8901 Sal av konsesjonskraft	augar med kr.	200.000
konto 1.1500.3856.1200 Internasjonalt arbeid	augar med kr.	10.000
konto 1.3100.2731.9500 Utflyttingstilskot	augar med kr.	200.000
konto 1.3100.2344.4700 Ferie/velferdstilbod	augar med kr	100.000
konto 1.1400.3255.2700 Småkraft	augar med kr.	200.000
konto 1.1200.1800.4900 Tilleggsøyving	augar med kr.	140.000

Det vert teke stilling til omfanget av forvaltningskontroll i sentraladministrasjonen og teknisk når forprosjektet blir lagt fram til handsaming.

Kommunestyret ønskjer å gje eit velferds-/ferietilbod til funksjonshemma, eldre og andre grupper el. personar med særskilte behov. Det vert sett av kr. 100.000 på knt. 1.310.2344.4700 til føremålet. Administrasjonssjefen greier ut alternative tilbod. Tiltaket vert finansiert ved bruk av tilleggsøyvingar.(Innarbeidd i lista over).

Det blir foretatt ein gjennomgang av heile **organisasjonen** i Samnanger. Administrasjonen vil til første møte i personal- og økonomiutvalet i 2008 leggja fram ei sak om organisering av arbeidet.

Kommunestyret vil i løpet av første kvartal 2008 ta stilling til vidare bruk av **kommunehuset**. Det blir ikkje sett i gang arbeid før dette er avklara.

Kommunestyret vil i løpet av våren 2008 foreta ei vurdering av **bustads**situasjonen til **soknepresten**. Vurderinga skal omfatta ny bustad, totalrenovering av eksisterande og evt. bruk av annan kommunal bustad.

Investeringsbudsjett 2008

I tillegg til administrasjonssjefen sitt framlegg til investeringsbudsjett vert følgjande tiltak innarbeidd og finansiert ved bruk av kapitalfondet og næringsfondet:

- | | |
|------------------------|---------------|
| ✓ Reiskapshus kyrkja | kr. 800.000 |
| ✓ Brannbil | kr. 2.000.000 |
| ✓ Heis Samnangerheimen | kr. 300.000 |

Følgjande tiltak vert trekt ut:

- | | |
|---------------------|-------------|
| ✓ Heis kommunehuset | kr. 600.000 |
|---------------------|-------------|

Ytre Tysse: Tot. 1,5 mill fordelast kr. 670.000 opprusting veg over Tyssereinane og kr. 830.000 avsett til miljøgate, kai og minnepark.

Merknad: Før brannbilen vert sett i bestilling, skal det undersøkjast om det er mogleg å skaffa ein rimelegare brannbil.

”Bedrifta Fjordtønna på indre Tysse er med i prosjektet Economuseè. Det er eit opplevingsretta reiselivsopplegg i store skala som er utvikla i Canada, og som Hordaland Fylkeskommune har teke initiativ til å introdusera i Noreg. Produksjonen til Fjordtønna byggjer på dei gamle bøkkertradisjonane i regionen. For å ha visningsstatus er det krav som at tilreisande grupper skal nå bedrifta med buss. Det er krav om oppstillingsplass for bussar. Eit visningssenter vil kunna opna for interessante nye marknader. I same område er det meldt inn interesse frå fleire grunneigarar om å fremja reg.plan for bustader (m.a. er det gamle regulerte området over Fjellheimsfeltet nemnt).

Næring og bustad er satsingsområde i kommuneplanen. Vegen opp til Indre Tysse er i dag kommunal veg. Vegen er ein av dei kommunale vegane som står til vurdering om å overdragast til private. Ein vil koma tilbake til trongen for kommunal medverknad til utbetring av vegen på Indre Tysse når det er gjort endeleg vedtak om vegen framleis skal vera kommunal eller ikkje. Kostnadsoverslag er sett til kr. 1.686.000.”

0035/07

FASTSETJING AV RENOVASJONGEBYR 2008

Framlegg til vedtak:

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2007 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2008. Vedtaket er i samsvar med framlegget frå BIR Privat a.s. Jmf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedteke at BIR Privat a.s. fakturerar og står for innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Standardgebyret for renovasjon vert fastsett til **kr 1.670,-**. Av dette utgjer administrasjonsgebyret til BIR kr 30,-. Alle prisar er eks. mva.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdaal sette fram følgjande fellesframlegg: ”Tillegg til framlegg til vedtak: Samnanger kommune ønskjer ikkje å ha eit kommunalt påslag på renovasjonsgebyret.” Det var røysta over framlegget med tillegg, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2007 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2008. Vedtaket er i samsvar med framlegget frå BIR Privat a.s. Jmf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedteke at BIR Privat a.s. fakturerar og står for innkrevjing av avfallsgebyr på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret høyrer til Samnanger kommune.

Standardgebyret for renovasjon vert fastsett til **kr 1.670,-**. Av dette utgjer administrasjonsgebyret til BIR kr 30,-. Alle prisar er eks. mva.

Samnanger kommune ønskjer ikkje å ha eit kommunalt påslag på renovasjonsgebyret.

0036/07

FESTEAVGIFT 2008**Handsaming i møte:**

Marit Aase sette fram følgjande fellesframlegg:” Festeavgifta for 2008 vert fastsett til kr. 120,- pr. år for vanlege graver og kr. 70,- for barnegraver til barnegravfeltet.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Festeavgifta for 2008 vert fastsett til kr. 120,- pr. år for vanlege graver og kr. 70,- for barnegraver til barnegravfeltet.

0037/07

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2008.**Handsaming i møte:**

Øyving Røen sette fram følgjande fellesframlegg – ”Samnanger kommune vedtek satsane for kommunale avgifter og gebyr slik dei går fram av Taksthefte for 2008 med følgjande endringar:

- ✓ Feieavgifta vert auka til kr. 300,-, for andre og fleire piper vert auka til kr. 120,-. Ekstra tilsyn vert auka til kr. 200,-.
- ✓ Byggjesøknad: Første eining uansett storleik vert auka til kr. 4.200. Tillegg pr. eining > 80 m2 BRA vert auka til kr. 2.200. Tillegg pr. eining < 80m2 BRA vert auka til kr. 1.630.
- ✓ Næringsbygg: Bygg < 500 m2 BRA vert auka til kr. 4.650. Bygg > 500m2 vert auka til kr. 9.300.

- ✓ Meldingssaker/enkle tiltak: Meldingssaker vert auka til kr. 1.105. Enkelt tiltak vert auka til kr. 2.035.
- ✓ Frådeling og grensejustering: Bustadtomt vert auka til kr. 2.325. Hyttetomt vert auka til kr. 3.358. Naust vert auka til kr. 1.743. Tilleggsareal/justering/andre vert auka til kr. 1.162.
- ✓ Oppmålingsgebyr: Gebyra vert auka med 12% i høve til 2007 .”

Det vart røysta alternativt over framlegg til takshefte 2008 slik det ligg føre og fellesframlegget til Røen. Framlegget frå Røen vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune vedtek satsane for kommunale avgifter og gebyr slik dei går fram av Taksthefte for 2008 med følgjande endringar:

- ✓ Feieavgifta vert auka til kr. 300,- For andre og fleire piper vert auka til kr. 120,-. Ekstra tilsyn vert auka til kr. 200,-.
- ✓ Byggjesøknad: Første eining uansett storleik vert auka til kr. 4.200. Tillegg pr. eining > 80 m2 BRA vert auka til kr. 2.200. Tillegg pr. eining < 80m2 BRA vert auka til kr. 1.630.
- ✓ Næringsbygg: Bygg < 500 m2 BRA vert auka til kr. 4.650. Bygg > 500m2 vert auka til kr. 9.300.
- ✓ Meldingssaker/enkle tiltak: Meldingssaker vert auka til kr. 1.105. Enkelt tiltak vert auka til kr. 2.035.
- ✓ Frådeling og grensejustering: Bustadtomt vert auka til kr. 2.325. Hyttetomt vert auka til kr. 3.358. Naust vert auka til kr. 1.743. Tilleggsareal/justering/andre vert auka til kr. 1.162.
- ✓ Oppmålingsgebyr: Gebyra vert auka med 12% i høve til 2007 .

0038/07

REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2008

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande fellesframlegg: ” Husleigene i kommunale bygg 2008 vert auka med 4%. Auken gjeld frå 01.07.2008.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Husleigene i kommunale bygg 2008 vert auka med 4%. Auken gjeld frå 01.07.2008.